


Kapasitetsdiamanten

Deltakarane gjer først individuelle vurderingar av korleis dei oppfattar nosituasjonen, og set karakterar på ein skala frå 1 – 5 (1 svært dårleg og 5 svært god) for alle fem komponentane i kapasitetsbegrepet.

- Klarar vi å engasjere dei rette menneska og få dei med på å investere tid på utviklingsarbeid?
- Har vi den kompetansen vi treng?
- Har vi god kultur for å drive utvikling?
- Kor gode er vi på å leie utviklingsprosessar?
- Har vi økonomiske ressursar til å initiere og følgje opp prioriterte utviklingstiltak?



Skriv gjerne stikkord som forklaring på eiga karaktersetting.

Basert på kvar enkelt vurdering av status, gjennomfører de ein runde med felles refleksjon over kvarandre si karaktersetting og grunngjeving. Dette skal leie til ein felleskarakter som alle kan einast om for kvar av dei fem komponentane.